

KVA SKJER?

FEBRUAR

15-20. febr.
Vinterferie på museet

20. febr.
Barnekarneval

25. febr.
Internasjonal kafé

MARS

8. mars
Foreldre- og småbarnskafé

19-26. mars
Påskeferie på museet

29. mars
Inger Bråtveit

APRIL

14. april
Internasjonal kafé med konsert

Suldalsdampen er i hus



Bilete av Dampen er tatt i januar før høghuset stod ferdig.

Etter år under open himmel, har no Suldalsdampen kommen på ny slipp på Strandaneset ved Suldalsvatnet. Over bygget har det reist seg eit staseleg reisverk slik dei bygde lær i Suldal ut over 1900-talet. Heiseløer, eller høghus, viser seg å vera ei tenleg form som båthus for Dampen. Arbeidet med bygget har gitt oss mykje ny kunnskap om den siste tradisjonelle reisverkkonstruksjonen. No ligg båten tørt og trygt under tak. Takk til Statnett, Suldal kommune og alle som har vore med i prosessen.

Positive besøkstal for 2015



Her blir det leika «Balders bål» under ein aktivitetsdag i Viga i haust.

2015 har vore eit godt år når det gjeld besøkstal. Det totale besøkstalet for fjoråret er 21 254. For 2014 låg talet på 18 657. Det betyr ei auke på nesten 14%. Auka i besøkstala kan i all hovudsak tilskrivast Nesasjøhuset (med turistkon-

toert), aktivitetar som DKS-opplegget «Stor kar» som vår formidlar Anette Opheim turnerte med i Sandnes i haust, og godt besøk til vandreutstillingane som stod i Flørli i sommar.

Tilsett bygningsantikvar



Kirsten Hellerdal Fosstveit byrjar i jobben som bygningsantikvar i juni.

Kirsten Hellerdal Fosstveit er tilsett i ny-oppretta stilling som felles bygningsantikvar for musea i Rogaland, førebels for to år. Ho blir tilsett ved Ryfylkemuseet og vil vera ein del av det faglege miljøet her, men arbeida med bygningsvern og handverkskompetanse for alle regionmuseuma i fylket. Kirsten er utdanna arkitekt frå NTNU og avsluttar for tida studie i restaureringskunst ved Kungliga Kunsthøgskulen i Stockholm. Ho tek til i stillinga i juni.

Foreldre- og småbarnskafé, eit nytt tilbod på Nesasjøhuset

Foreldre- og småbarnskafé er eit nytt, gratis tilbod som såg dagens ljøs i januar. Ein gong i månaden arrangerer Ryfylkemuseet eit sosialt treff for foreldre med spedbarn i kafeen på Nesasjøhuset. Her kan foreldre ta med sine små og bli kjent med andre foreldre og barna deira. Vi spanderer kaffi og ynskjer alle småbarnsforeldre velkommen til eit sosialt, hyggeleg treff kvar annan tysdag i månaden kl. 12.00.